



Friluftskonserter er flytta frå området lengst nede til høgre på kartet til området øverst til høgre.

Festidalen har no søkt kommunen om landingsløyve på Storhaug for helikopter i samband med friluftskonserten på laurdag under festivalen. Det betyr at konsertstaden er flytta frå Låganåso til Storhaug på den andre sida av dalen. Grunnen skal vera motstand på grunneigarhald.

Den kombinerte fottur og friluftskonsert er det mest spektakulære innslag i Festidalen i år. Det er i den samanheng trong for noko helikoptertransport av mannskap og utstyr. Bandet Oslo Ess skal spela.

Søknaden om landingsløyve gjeld eit område nær Storhaug vert det opplyst i søknaden frå Bjørn Olav Tveit. Det er trong for inntil 6 turar 2. og 3. august i tidsrommet 07-23 og grunneigarane ved styret i utmarkslaget har gjeve løyve til arrangementet og til helikoptertransporten, vert det understreka i søknaden

Av Ola Matti Mathisen